

TEIEPLIKT

- Alle som jobbar i offentlege verksamheiter er underlagt generell teieplikt (forvaltningsloven § 13 om teieplikt).
- Tilsette i barnevernet har strengare teieplikt enn tilsette på skulen (barnevernloven § 6-7 tredje ledd).
- Men barneverntenesta kan gi opplysningar til andre forvaltningsorganer når det er naudsynt for å fremme barneverntenesta sine oppgåver (barnevernloven § 6-7 tredje ledd).
- Eit godt samarbeid føreset at dei som arbeider med barn og unge har tilstrekkeleg kunnskap om teieplikta.
- Eit godt samarbeid føreset og moglegheita for å innhente samtykke sånn at reglane om teieplikt ikkje hindrar eit naudsynt samarbeid
- Dersom det vert innhenta informert samtykke, kan tilsette på skulen/barnehagen og i barnevernet dele opplysningar når dette er til det beste for barnet.



Kva er teieplikt?

- + Eit **forbod** mot å aktivt vidareformidle opplysningane til **uvedkommande**
- + Eit **påbod** om å elles behandle opplysningane på ein trygg måte sånn at ikkje uvedkommande får tilgang til dem
- + Aktivt forhindre at uvedkommande får tilgang til teiepliktbelagt opplysningar

Forvaltningslov, barnevernloven, helsepersonelloven og politiregisterloven har alle reglar om teieplikt.

Kva har du teieplikt om?

Teieplikt gjeld opplysningar om «**nokon sine personlege forhold**» som ein har fått i «forbinding med tenesta».

- ✚ «I forbindelse med tenesta» omfattar både opplysningar ein får i arbeidstida og opplysningar ein får i fritida **fordi ein har den jobben ein har**.
- ✚ Med «nokon sine personlege forhold» menes opplysningar det er vanleg å **ynskje å halde for seg sjølv**. Til dømes opplysningar om skuleprestasjonar, åtferd, trivsel på skulen, livssyn, familieforhold, psykiske problem, sjukdom eller andre funksjonsnedsettingar.
- ✚ *Forvaltningsloven*: Namn, adresse, alder, personnummer er ikkje teiepliktbelagt
- ✚ *Barnevernloven*: Namn, adresse, alder, personnummer er teiepliktbelagt
- ✚ *Helse- og omsorgstenesteloven*: Namn, adresse, alder, personnummer er teiepliktbelagt

Teieplikt for tilsette i barnevernet

Teieplikta etter forvaltningsloven gjeld for dei som utfører tenester eller arbeid innanfor barnevernet (*barnevernloven § 6-7 første ledd*). For barnevernet gjeld i tillegg eigne snevrare avgrensingar (*barnevernloven § 6-7 tredje ledd*).

Det er primært opplysningar om nokon sine personlege forhold som er underlagt teieplikta (*barnevernloven § 6-7 første og tredje ledd og forvaltningsloven § 13 første ledd nr.1*). På barnevernområdet omfatta dette og opplysningar om fødestad, fødselsdato, personnummer, statsborgarforhold, yrke, bopel og arbeidsstad.

Kjelde: Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementets rundskriv Q 24 2005:

https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kilde/bfd/rus/2005/0002/ddd/pdfv/243383-q-24_rundskriv_taushetsplikt.pdf

Teieplikt for tilsette på skulen

Tilsette på skulen er underlagt forvaltningsmessig teieplikt etter forvaltningsloven § 13 (opplæringsloven § 15-1). Den forvaltningsmessige teieplikta omfatta opplysningar «om personlege forhold» som tenesteytaren vert kjent med gjennom sitt arbeid (forvaltningsloven § 13a).

Nøytrale opplysningar som fødestad, fødselsdato, personnummer, statsborgarforhold, sivilstand, yrke, bopel og arbeidsstad omfattast ikkje av teieplikta med mindre såne opplysningar røper eit klient forhold eller andre forhold ved tenestemottakaren som må likestillast med personlege forhold.

Kjelder:

Bufdir om teieplikt og samtykke:

https://www.bufdir.no/Barnevern/Skoleveileder/Taushetsplikt_og_samtykke1/

Forvaltningsloven §13: https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1967-02-10/KAPITTEL_3#§14

Opplæringsloven §15-1: https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61/KAPITTEL_17#KAPITTEL_17

Krav om opplysningar frå andre

Den som krev teiepliktbelagt opplysningar frå deg, må sannsynleggjere at han/verksamheita har rett på opplysningane:

- ✚ Må kunne legge fram eit skriftleg samtykke, eller
- ✚ Vise til ein konkret heimel som gir rett til opplysningar utan hinder av teieplikt

Kjelder:

Bufdir om teieplikt og samtykke:

https://www.bufdir.no/Barnevern/Skoleveileder/Taushetsplikt_og_samtykke1/

Forvaltningsloven §13: https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1967-02-10/KAPITTEL_3#§14

Opplæringsloven §15-1: https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61/KAPITTEL_17#KAPITTEL_17

Sist oppdatert juli, 2019